


Faktaark – heradet sjølv



Dette faktaarket er del av energi- og klimaplan for Granvin herad.

Kommunale energi- og klimaplanar set arbeid som vedrører energi og klima i ein større samanheng.

Med utgangspunkt i status, forventå utvikling og eigne prioriteringar definerer planen mål og tiltak.

Arbeidet med Granvin herad sin energi- og klimaplan har fått stønad frå Enova SF.

Plan og faktaark er utarbeidd i samarbeid med Vestnorsk Enøk, rådgjevningsmiljøet til SFE Kraft AS



Heradet er sjølv ein viktig aktør i Granvin. Som byggeigar og energibrukar vil energi og klimafokus som hovudregel også gje god økonomi. Som tenesteytar kan heradet påverke transportmengd gjennom god planlegging, og som stor arbeidsgjevar vil heradet påverke haldningane til ein viktig del av innbyggjarane.

Status og utfordringar

Heradet sjølv er ein stor byggeigar og energibrukar. Bygg, gatelys, pumpestasjonar og reinseanlegg brukar store mengder energi. Enøktiltak gir god økonomi over tid. Aktiv oppfølging av energibruk og tekniske anlegg er det mest sentrale tiltaket.

75% av dei direkte klimagassutsleppa i heradet kjem frå transport. Arealplanlegging er viktig, men planlegging av aktivitet og tenester verkar og inn på transportmengda til både innbyggjarar og tilsette.

Rett bruk og godt vedlikehald av eigne køyretøy er viktig. Køyrekurs gir lågare forbruk og mindre skadar.

Heradet vil leggje til rette for næringsutvikling rundt trevirke, bioenergi og fornybar varme for å sikre ei bærekraftig utvikling for eit levande lokalsamfunn.

Avfallsmengd er eit mål på forbruk, og dette er sentralt i høve til globale klimagassutslepp. Heradet vil satse på born, ungdom og eigne tilsette for å byggje gode haldningar i lokalsamfunnet.

Aktuelle tiltaksområde for heradet

- ✓ Innføre energi- og miljøleing
- ✓ Haldningsskapande arbeid med fokus på born, ungdom og tilsette
- ✓ Stille krav ved eigne innkjøp
- ✓ Stille krav i sakshandsaminga

- ✓ Næringsutvikling, varmesentralar og fornybar energiproduksjon
- ✓ Redusert lokaltransport
- ✓ Berekraftig samfunnsu samfunnsutvikling

Dette kan heradet bidra med:

Redusere energibruken:

- ✓ Energi- og miljøleing
- ✓ Energieffektive løysingar
- ✓ Vassboren varme og fornybar energi

Fokusere på klima:

- ✓ Miljøsertifisere eiga verksemd
- ✓ Planmessig reduksjon av transport
- ✓ Næringsutvikling med fokus på varmesentralar og fornybar energi
- ✓ Haldningsskapande arbeid

Redusere samla avfallsmengd:

- ✓ Setje krav ved eigne innkjøp
- ✓ Stimulere til gjenbruk